



Hovudplan for vatn og avlaup 2023 - 2033



Innhald

1. Planføresetnader.....	2
1.1 Utgangspunkt.....	2
1.2 Organisering.....	2
2. Nosituasjon og utviklingstrekk.....	2
2.1 Valle vassverk og leidningsnett.....	2
2.2 Rysstad vassverk og leidningsnett	3
2.3 Flateland vassverk og leidningsnett	4
2.4 Garane vassverk og leidningsnett	5
2.5 Høgdebasseng	6
2.6 Transportsystem vatn (leidningsnett).....	6
2.7 Oversikt over tal på abonnentar og vassmålarar	6
2.8 Krav til sløkkevatn	6
2.9 Uttak av sløkkevatn.....	7
2.10 Avlaup/avlaupsreinsing.....	8
2.11 Brokke vatn og avlaup – hytteområdet i Brokke	10
2.12 Oversikt over tal på abonnentar på avløp	10
2.13 Transportsystem avløp:.....	11
2.14 Spreidd avløp og krav til private avløpsanlegg:	12
2.15 Døme på ulike private avløpsanlegg:.....	14
2.16 Driftsassistansen vatn og avløp	15
2.17 Gebyr for vatn, avløp og renovasjon	15
2.18 Utvikling framover, vatn og avløp:	15
3. Mål og strategiar frå kommuneplanen	16
4. Delmål for planen	17
5. Handlingsplan/tiltaksplan.....	18
5.1 Tiltak i planperioden:	18
5.2 Avlaup.....	18
5.3 Vassverksdrift.....	19
5.4 Andre tiltak:.....	22

1. Planføresetnader

1.1 Utgangspunkt

Kommunestyret i Valle vedtok i samband med budsjett/økonomiplan 2021-2024 at det skulle utarbeidast ny hovudplan for vatn og avløp. Siste tilsvarende plan er frå -90 talet og var m.a. grunnlaget for bygging av nytt reinseanlegg i Valle i 1996.

1.2 Organisering

Planarbeidet er organisert ved at det er sett ned ei arbeidsgruppe bestående av

- Geir Helge Solheim
- Magnus Berg
- Torleif Homme

2. Nosituasjon og utviklingstrekk

2.1 Valle vassverk og leidningsnett


Valle vassverk vart etablert med inntak i Juvet i 1978. På grunn av auka forureining vart inntaket flutt opp til Stavvatn i år 2000. Stavvatn ligg på 948 moh og inntaket ligg på 913 moh - 35 meter under vassoverflata. Inntaksleidninga frå Stavvatn har ei lengde på ca. 4 km, med ein høgdeskilnad på ca. 450 m og har ein kapasitet ned til inntakshuset på 30 l/sek.

Valle vassverk forsyner bygda frå Homme i nord til Åmli i sør, ca. 19,5 km hovudvassleidning og ca. 9,5 km jordbruksvatn frå Homme til Haugebirke.

Valle vassverk levera 72967m³ (ca. 200 m³/d) vatn i 2022 og det blir tatt ut 13 vassprøver pr år etter godkjent prøvetakingsplan.

Valle vassverk er godkjent av Mattilsynet.

Det vart, med utgangspunkt i vegleiar frå Mattilsynet frå 2017, DSB 2014 og WHO 2009, utført farekartlegging og laga ny prøvetakingsplan i 2019-2020.



Kart over leidningsnett i Valle.

2.2 Rysstad vassverk og leidningsnett

Vassverket og den første grunnvassbrønnen vart etablert på Rysstad i 1975. Med strengare krav til vasskvalitet vart det i 2005 bygd nytt vatnbehandlingsanlegg og ein brunn nr 2 vart etablert. Vassverket består i dag av 2 borehol og vassbehandlingsanlegg med marmorfilter, reintvatnstank og UV anlegg.


I samband med utbygging av bustadfeltet Åsan 2 i 2008 vart det bygt høgdebasseng som romar 300 m³ vatn.

Forsyningsområdet og leidningsnett for Rysstad vassverk strekker seg frå Brokke kraft sin Driftssentral i nord til Helle grendefelt i sør. Omfattar også Hovet og Bjørgum. Total lengde på ca. 15 km. I samband med bygging av avlaupsleidning frå Nomeland til Rysstad via Faremo vert det lagt vassleidning frå Nomeland skule til vassverket på Rysstad, sjå pkt. for kloakkanlegg Nomeland-Rysstad, under **aktuelle tiltak**.

Rysstad leverte 68099 m³ (ca. 186 m³/d) vatn i 2022 og det blir tatt ut 13 vassprøver pr år etter godkjent prøvetakingsplan.

Rysstad vassverk er godkjent av Mattilsynet.

Det vart, med utgangspunkt i vegleiar frå Mattilsynet frå 2017, DSB 2014 og WHO 2009, utført farekartlegging og laga ny prøvetakingsplan i 2019-2020.




Kart over leidningsnett på Rysstad.

2.3 Flateland vassverk og leidningsnett

Flateland vassverk leverte 1618 m³ (ca. 4,4m³/d) vatn i 2022 og det blir tatt ut 6 vassprøver etter godkjent prøvetakingsplan.

Flateland vassverk er ikkje godkjenningsspliktig av Mattilsynet, men vert drifta som om det skulle vere eit godkjent anlegg ihht. prøvetaking etc. jamfør avtale med Mattilsynet i 2014. Dette ut i frå tal på personar som faktisk bur på Flateland.

Det vart, med utgangspunkt i vegleiar frå Mattilsynet frå 2017, DSB 2014 og WHO 2009, utført farekartlegging og laga ny prøvetakingsplan i 2019-2020.



Kart over Leidningsnettet på Flateland.

2.4 Garane vassverk og leidningsnett

Vassverket vart etablert i 1977 og var privat heilt fram til Valle kommune overtok i 2016.


Kommunen gav tilskot til anlegget og fekk tilbake rett til uttak av vatn for inntil 40 hus. Brokke grendefelt vart bygt ut i slutten av -70 åra.

Vasskjelda til vassverket var i utgangspunktet i kraftverkstunellen til Brokke kraftverk, gjennom tunellverrslaget på Brokketippen. Der var det uttak både for drikkevatt og vatningsvatn. Etter som kravet til drikkevatt vart strengare vart det lagt ei leidning til Aksletjønn medan reserve-vasskjelda skulle vere i tunellen.

Etter at hytteutbygginga kom i gang i Furestøyl-området vart det gjeve utsleppsløype til Brokke reinseanlegg med utslepp til kraftverkstunellen og reserve-vasskjelda fall bort. Det vart difor i 2008 vedteke å bygge ei vassleidning mellom Brokketippen og Krossen og inngått avtale om kjøp av vatn frå Brokke vatn og avlaupsverk.

Etter fleire rundar på korleis ein skulle drifte Garane vassverk vidare inn i framtida så overtok Valle kommune Garane vassverk i 2016. Denne overføringa inkluderer leidningsnett og abonnentar samt drift av vatningsvatnanlegget (-som framleis hentar vatn ifrå tunellen). Vassverket (som no berre består av leidningsnett på drikkevatt og vatningsvatn) leverer vatn til Brokke Grendefelt og resten av Brokkegrenda - heilt ned til Mykjedalen og til Haugeland. Lengde 6,1 km.

Garane vassverk leverer 9864 m³ (ca. 27 m³/d) vatn i 2022.



Kart over leidningsnettet i Brokke.

2.5 Høgdebasseng

Rysstad høgdebasseng ligg opp i lia vestanfor Åsan bustadfelt. Det vart teke i bruk i 2008, rommar 300m³ og sørger for jamt trykk på heile leidningsnettet til Rysstad vassverk. 300m³ tilsvarer i underkant omlag 2 dagars forbruk dersom vassverket skulle havarere. I tillegg sikrar det god tilgang på sløkkevatn i området rundt Hotellet på Rysstad. Vatnet går inn og ut på same leidning og det er nivået i høgdebassenget som styrer start og stopp av reintvasspumpene i vassbehandlingsanlegget. Bassenget er eit støyp basseng under jorda med eit lafta overbygg på toppen.

Bygget er sikra med alarm og kommuniserer med vassbehandlingsanlegget via radio.

2.6 Transportsystem vatn (leidningsnett)

Transportsystemet for vassforsyning omfattar leidningsnettet med vasskummar, brannkummar, reduksjonsventilar og høgdebasseng. Leidningsnettet består av leidningar frå 60-talet og fram til i dag.

Den totale lengda på drikkevassleidningane til Valle kommune er på ca. 42 km.

I tillegg kjem ca. 9,5 km jordbruk-vatningsleidningar, frå Juvet til Haugebirke og ca. 4 km jordbruksvatning i Brokke.

2.7 Oversikt over tal på abonnentar og vassmålalar

Anlegg	Abonnentar	vassmålalar
Valle VV	241	195
Rysstad VV	251	154
Flateland VV	27	17
Brokke	62	48
Total	581	414

Oversikta syner at 414 av 581 abonnentar på vatn har montert vassmålalar.

Det utgjer 71,26% av alle abonnentane.

Ein anbefaler alle abonnentane om å montere vassmålalar for å betale for det vatnet ein faktisk brukar.

For nye abonnentar vert det satt krav om vassmålalar.

Stipulert forbruk vert fastsett etter BRA etter NS 3940 med 2,0 m³ pr. m²

2.8 Krav til sløkkevatn

SSBs tettstedsdefinisjon:

En hussamling skal registreres som tettsted dersom det bor minst 200 personer der. Avstanden mellom husene skal normalt ikke overstige 50 meter, men for noen arealkrevende bygningstyper – som boligblokker, industribygg, kontor/forretningsbygg, skoler, sykehus osv kan avstanden økes til 200 meter.

Valle kommune har med denne definisjonen ikkje stor nok befolkning til å tilfredsstille SSB sitt formelle krav til ein tettstad anten i Valle eller Rysstad sentrum, men kjem inn under kategori for småhusbebyggelse og open bebyggelse med krav om sløkkevatn-kapasitet på 20 l/sek.

- Kapasiteten frå Stavvatn er på 30 l/sek, men Valle vassverk har ein maks-kapasitet på 16 l/sek og vil ikkje stette krav om sløkkevatn anten i småhusbebyggelse (20 l/sek) eller i tettbygde område (50 l/sek).
- Rysstad vassverk er dimensjonert for 15 l/sek (54 m³/time) og stetter ikkje kravet til sløkkevatn i småhusbebyggelse, men med høgdebassenget i Åsan så har ein tilgang på 300 m³ magasinert vatn.

I følge forskrift om brannforebyggende tiltak og tilsyn § 21 skal kommunen «sørge for at den kommunale vannforsyning fram til tomtegrense i tettbygd strøk er tilstrekkelig til å dekke brannvesenets behov for sløkkevann. I boligstrøk og lignende der spredningsfaren er liten, er det tilstrekkelig at kommunens brannvesen disponerer passende tankbil. I områder som reguleres til virksamhet hvor sprinkling er aktuelt, skal kommunen sørge for at det er tilstrekkelig vannforsyning til å dekke behovet».

«Ved nybygg skal kommunen som byggesaksmyndighet etter plan- og bygningsloven § 27-1 passe på at bygning ikke føres opp eller tas i bruk, med mindre det er forsvarlig adgang til tilstrekkelig sløkkevann. Direktoratet for byggkvalitet har i sin veiledning til byggteknisk forskrift § 11-17 (2) definert hva som er en preakseptert ytelse for vannforsyning knyttet til denne bestemmelsen».

Men: «Det er ansvarlig prosjekterende som har ansvar for valg av løsning for sløkkevann. Dersom det prosjekteres med sløkkevann fra tankbil, må det avklares med brannvesenet hvorvidt dette er gjennomførbart».

«Det er nødvendig at ansvarlig prosjekterende skaffer informasjon om lokale forutsetninger og rammebetingelser fra kommunen, eventuelt i en forhåndskonferanse. Dette omfatter blant annet brannvesenets utstyr (kjøretøy og høyderedskaper) og sløkkevannsforsyning, jf. 11-17».

Det betyr at den som er ansvarleg prosjekterande for nye bygg må avklare på kva for måte han ser for seg at *forsvarleg adgang til sløkkevann* skal løysast. Dette kan for størsteparten av Valle kan skje på 3 ulike måtar:

- Tankbil
- Open vasskjelde
- Tilkopling til kommunalt nett etter bestemte prosedyrar
- Desse tre måtane kvar for seg eller i ein kombinasjon

2.9 Uttak av sløkkevatn

Å ta ut sløkkevatn frå det kommunale nettet er tillate til toppfylling av tankbil, men det er ikkje tillate å kople seg til uttak via brannpumpe eller slangeutlegg med påkopl

strålerøyr då det er overhengande fare for trykkslag, overforbruk og fare for trykklaust nett.

- **I Valle** er jordbruksvatninga bygd ut frå Homme til ventilhuset på Haugebirke. Denne leidninga hentar vatnet direkte frå Hommsåne i Juvet og sørger for rikeleg med sløkkevatn til Bygdeheimen og store delar av Vallebygda, nord for Leite. Vil også kunne nyttast til innsats sør for Leite ved å legge slangeutlegg sørover. Ventilhuset på Haugebirke er også påfyllingspunkt for tankbil.
- **På Rysstad** er det nedstrøms kraftverkstunellen på Nomeland til ei kvar tid tilgang på vatn frå elva. Det er fleire køyrbare åtkomstar til elva og det er forholdsvis kort avstand til bebyggelse. Ved behov for sløkkevatn i områda langs elva vil elva dermed vere den beste og sikraste vasskjelda ved ein sløkkeinnsats. I område lengre vekk frå elva vil det vere mogleg å kople seg til kommunalt nett i brannkummar, etter gjeldande prosedyrar.
- **I Brokke** er jordbruksvatningsanlegget ein del av brannberedskapen, men også der er det begrensingar i uttak av vatn. Toppfylling av tankbil er tillate, men vil kun vere mogleg på bar mark. Vinterstid er ikkje kummane tilgjengelege og det må hentast vatn med tankbil/bilar t.d. på Brokke vatn og avlaupsverk sitt vassverk på Kvisle.
- **På Flateland** er det ikkje nok kapasitet til å fylle tankbil frå vassverket. Utan tilgang på open vasskjelde vinterstid må det hentast vatn t.d. på Haugebirke med tankbil/bilar.

Setesdal Brannvesen IKS, stasjon Valle har tankbil med ein kapasitet på 15 m³ i tillegg har 1. utrykningsbil stasjon Valle 2,5 m³ og 1. utrykningsbil stasjon Rysstad 2 m³ til saman 19,5 m³ i førsteinnsats. I tillegg til eigen kapasitet ligg det i brannvesenets (110 sentralen) prosedyre at nabokommunanes tankbil vert kalla ut ved alarm om *brann i bygning*. Det betyr for Valle kommune sin del at Bykle brannvesen sin tankbil vert kalla ut ved brann nord i kommunen og Bygland sin ved brann sør i kommunen. Det sikrar god tankbilkapasitet ved *brann i bygning*.

2.10 Avlaup/avlaupsreinsing

Valle reinseanlegg:

Valle reinseanlegg vart bygd i 1996. Det vart den gong dimensjonert for 1700 pe (personekvivalentar), er eit biologisk/kjemisk reinseanlegg og skulle vere stort nok for å avkloakkere heile Vallebygda. Otra Kraft var med i prosjektet og sto for 50 % av investeringa og dekkar i dag for 40 % av driftskostnadane.

Anleggets størrelse, berekna ut frå tilført mengde organisk stoff (BOF₅) i maksveka 2021 er på 320 pe. Det seier ein god del om at dimensjoneringa til Valle reinseanlegg er altfor høg etter dagens tilførsel, men det seier også at kapasiteten på reinseanlegget er veldig god for å utvide reinsedistriktet dersom det skulle vere aktuelt.

Avløpsnettet strekker seg frå Homme grendefelt i nord, via pumpestasjon Øyne nord og til Åmli i sør. Det er 6 pumpestasjonar tilknytt avløpsnettet i Valle.

Sjølve Homme, Tveitebø/Espetveit og Nomeland er ikkje med, heller ikkje Berg, Bø, Kveste og Brottveit.

Anlegget fekk nytt utsleppsløyve i 2017 - med krav om fjerning av minimum 90 % fosfor. Valle reinseanlegg reinsar i snitt ca. 95 % fosfor.

PLS-en vart bytta i 2021 og ombygging til meir automatikk har gjort anlegget mindre tidkrevjande å drifte.

Det vert tatt ut 6 døgnblandprøver pr år etter godkjent prøvetakingsplan for kapittel 13 anlegg (anlegg under 2000 pe).

I 2022 hadde anlegget ei tilrenning på 25119 m³ og det vart køyrd vekk 57,7 tonn med avvatna slam. Slammet vert frakta til SMG sitt anlegg på Syrtveit der det vert til kompostjord.

Kva er personekvivalentar (pe)?

Personekvivalent er eit uttrykk frå kommunalteknikk, og er eit uttrykk for kapasitet og belastning i vassforsyning, kloakkanlegg og avlaupsreinsing.

Avløpsanleggets størrelse i pe bereknast på grunnlag av største vekentlege mengde som går til reinseanlegget i løpet av året (maksveka).

Rysstad reinseanlegg:

Rysstad reinseanlegg vart bygd i 2016. Det er dimensjonert for 500 pe og er eit kjemisk anlegg med filter for fjerning av biologisk materiale og flotasjon for fosforfjerning.

Avløpsnettet strekker seg ifrå Rysstad Soknehus i nord til den sørlege delen av industriområdet i sør med avgreining til Åsan byggefelt. Det er 4 pumpestasjonar tilknytt avløpsnettet på Rysstad.

Det er i gong bygging av kloakkanlegg for Nomeland som skal pumpe avløpet for heile Nomeland til Rysstad. Dette prosjektet er planlagt å stå ferdig våren/sommaren 2023. Avløpsnettet vil då strekke seg heilt ifrå Otra Kraft sin Driftssentral i nord til Rysstadmo i sør. Prosjektet er ein del av samarbeidet med Otra Kraft om kloakkanlegg for Nomelandsmoen byggefelt og driftssentral, og vil avkloakkere heile Nomeland / Faremo og potensielt tilføre Rysstad reinseanlegg 30-35 husstandar i tillegg til Driftssentralen, Setesdal Folkehøgskule og Hylestad barnehage.

Når pumpeanlegget står ferdig vil det vere 3 nye pumpestasjonar på leidningsnettet pluss 8-9 små private kloakkpumper som pumper inn på hovudleidninga.

Rysstad reinseanlegg fekk nytt utsleppsløyve i 2017 - med krav om fjerning av minimum 90 % fosfor. Rysstad reinseanlegg reinser i snitt ca. 94 % fosfor.

Det vert tatt ut 6 døgnblandprøver pr år etter godkjent prøvetakingsplan for kapittel 13 anlegg (anlegg under 2000 pe).

I 2022 hadde anlegget ei tilrenning på 17120 m³ og det vart køyrd vekk 48,3 tonn med avatna slam. Slammet vert frakta til SMG sitt anlegg på Syrtveit der det vert til kompostjord.

Brokke reinseanlegg:

Brokke reinseanlegg er eit lite reinseanlegg som består av ein 20 m³ slamavskiljar, ein biorotor og eit infiltrasjonsanlegg. Biorotoren si oppgåve er å «finpolere» vatnet ut av slamavskiljaren før vatnet går ut i infiltrasjonsgrøfta. Denne rotoren har havarert og anlegget har no ei pumpe som pumpar vatnet ut i infiltrasjonsgrøfta.

Etter ei oppteljing av kor mange som faktisk er tilknytt (12 personar) har ein vurdert det slik at anlegget fungerer tilfredsstillande utan biorotor. Ved tilkopling av nye/fleire hus må anlegget oppgraderast.

Avløpsnettet går frå Brokke grendefelt og ned til Myri, der anlegget er plassert.

Det er ikkje mengdemåling på anlegget, heller ikkje krav om prøvetaking.

2.11 Brokke vatn og avlaup – hytteområdet i Brokke

Det er Brokke vatn og avlaup AS som har bygd og framleis byggjer ut og driftar VA anlegga i hyttefeltet i Brokke. Dette gjeld både leidningsnett for vatn og avløp, vassverket og reinseanlegget.

Valle kommune kjøper vatn frå selskapet til distribusjon i Garane (jamfør pkt. 2.4).

Det er Statsforvaltaren i Agder som har utslepps- og tilsynsmyndigheit for Brokke reinseanlegg. Utsleppsløyve er gjeve i samsvar med forureiningsforskrifta kap.14 den 20.8.2008. Det reinsa vatnet går inn i kraftverkstunellen til Brokke kraftverk og ut i Otra ved Sylvartun.

Dagens reinseanlegg er dimensjonert for 1950 pe, men ifølgje utsleppssøknaden er det berekna ei maksimal belastning på reinseanlegget på 12900 pe pr. veke ved full utbygging. Fullt utbygd område med hytter, hotell, leilegheiter og fullt utbygd reinseanlegg skal Brokke reinseanlegg i framtida kunne ta imot avløpet frå 4080 einingar.

2.12 Oversikt over tal på abonnentar på avløp

Valle reinseanlegg	203
Rysstad reinseanlegg	124
Brokke reinseanlegg	12
Kloakkpumpe Hedde 20m ³	4
Kloakkanlegg Flateland 20m ³	11
Tette tankar	8

Fritidsbustadar tilknytt offentleg avløp	54
Private minireinseanlegg	7
Private slamavskiljarar med infiltrasjon	381
Offentlege bygg	33
Næringsbygg	78
Private hus	619

Tabellen viser tal på abonnentar/avtalar på ulike avløpsanlegg, både offentlege og private.

- Av totalt 619 private hus er 369 tilknytt offentleg avløpsanlegg. Det utgjer 59,61 % av alle hus i Valle kommune.
- Det betyr også at 40,39 % av alle private bustadar er utan offentleg tilknytning til offentleg avløpsnett.
- Det er 381 private slamavskiljaranlegg med infiltrasjon (61,55 % av alle private hus) som kommunen må ha ført tilsyn med og som helst skal vere oppgradert innan 2027, men seinast innan 2033, jamfør krav skildra i avsnitt for *spreidd avløp og krav til private avløpsanlegg*.

2.13 Transportsystem avløp:

Valle kommune har ca. 17 km avløpsleidningar i ulike delar av kommunen. Traséane for avløpsleidningar følger stort sett trasé for vassleidningane med nokre unntak. I transportsystemet for avløp inngår både leidningar, kummar og pumpestasjonar:

- Det er 8 pumpestasjonar for avløp tilknytt Valle reinseanlegg
- Det er 4 pumpestasjonar for avløp tilknytt Rysstad reinseanlegg
- Det kjem 3 nye pumpestasjonar for avløp til Rysstad reinseanlegg i 2023 (nyanlegg Nomeland-Rysstad)

I tillegg kjem

- Brokke reinseanlegg med 20 m³ slamavskiljar, biorotor og infiltrasjon i grunnen
- Helle grendefelt med 20 m³ slamavskiljar, pumpekum og infiltrasjon i grunnen
- Flateland grendefelt med pumpestasjon, 20 m³ slamavskiljar og infiltrasjon i grunnen
- Ukjent tal på kloakk-kummar fordelt på alle leidningsnetta

Avløpsleidningane er stort sett gravitasjonsleidningar (med sjølvfall mellom pumpestasjonane), men det vert no i 2023 bygd pumpeleidning frå Nomeland til Rysstad.

2.14 Spreidd avløp og krav til private avløpsanlegg:

Kommunen er forurensningsmyndighet jmf forurensningsforskrifta kap. 12 og har rett og plikt til å føre tilsyn med alle utslepp frå private avløpsanlegg (kap 12) i kommunen.

Tilsyn med spreidd avløp er ei lovpålagt oppgåve som alle kommunar i Noreg må gjennomføre. Hensikta er å sikre godt og berekraftig vassmiljø.

Klima og miljødepartementet har i brev av 19.mars 2019 til Vassregionane gjeve «*Nasjonale føringer for arbeidet med oppdatering av de regionale vannforvaltningsplanene*».

I forhold til oppfølging av avløp som ikkje er tilknytt offentleg avløpsnett, såkalla spreidd avløp, heiter det: «*Kommunen skal gi pålegg om tiltak for anlegg som ikke overholder rensekrav gitt i tillatelser etter 1.1.2007, samt sette i verk tiltak for å sørge for at utslipp etablert før 1.1.2007 blir renses i tråd med rensekravene i forurensningsforskriftens kapittel 12 og 13*».

Målsetjinga er at alle anlegg i kapittel 12 i den enkelte kommune oppfyller forurensningsforskrifta sitt reinsekrav slik at miljømåla etter vassforskrifta kan nås. Dette skal kartleggast innan 2027 og utbetrast innan 2033.

For Valle kommune betyr det at kommunen må kartlegge tilstanden til dagens private avløpsanlegg slik at kommunen har oversikt over anlegg som må oppgraderast.

Pålegg om oppgradering av anlegg vil bla gjelde for:

- Alle anlegg etablert før 1972. Desse anlegga er lovlege, men det var ikkje søknadsplikt for avløpsanlegg den gong og har dermed ikkje tillating.
- Det vil gjelde for nokre anlegg bygde mellom 1972 og 1986 då det var unntak frå søknadsplikt for visse anlegg i den perioden. Desse anlegga er lovlege, sjølv om dei ikkje har tillating.
- Alle ulovlege anlegg, uavhengig av når dei er etablert, jamfør Forurensningslova §7

Norsk vann har utarbeida ei vegleiing til kommunane om bruk av rett heimel ved pålegg om oppgradering av avløpsanlegg for utslepp mindre enn 50 pe:

<https://va-jus.no/wp-content/uploads/2019/02/Veiledning-til-kommunene.pdf>

Valle kommune må ta stilling til korleis ein handterer denne lovpålagde oppgåva då dette vil kunne påføre den enkelte husstand stor kostnad på oppgradering av anlegg. Det kan verte såpass omfattande og berøre så mange at det bør behandlast politisk korleis kommunen best kan handtere denne saka. For å få mest mogleg lik behandling frå kommune til kommune kan det vere aktuelt å søkje samarbeid med andre kommunar i Vassregionen samt involvere Vatnområdekoordinator i dette arbeidet.

I samanheng med oppgradering av private anlegg kan det verte aktuelt å sjå på både gamle planar og lage nye planar for å utvide reinseområda til dei eksisterande reinseanlegga i Valle og Hylestad.


Link til forureiningsforskrifta kapittel 12:

<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2004-06-01-931/kap12#kap12>

Oppgradering av private avløpsanlegg vil verte krevjande så det vil vere svært viktig å sende ut god informasjon om kva krav som vert sett og korleis kostnadane kan begrenast ved å bla finne fellesløysingar der det er mogleg.

Det vil vere viktig å informere i god tid før kontrollmyndigheta kjem på besøk om kva type anlegg som kan tilfredsstille krava og kva for anlegg som passer best til ulik bruk og størrelse.

2.15 Døme på ulike private avløpsanlegg:



2.16 Driftsassistansen vatn og avløp

Valle kommune er tilknytt Driftsassistansen på vatn og avløp.

Driftsassistansene på vannverk og avløpsanlegg i Aust-Agder og i Telemark, blir utført av Sweco sitt kontor i Seljord. Det er per i dag 32 kommuner med til sammen cirka 100 avløpsanlegg og cirka 75 vannverk, tilsluttet ordningen.

Driftsassistansene er regionale nettverksbyggere gjennom:

- Systematisk oppfølging av vannbehandlingsanlegg og avløpsrenseanlegg med fokus på veiledning og driftsoptimalisering. Det gjennomføres flere rutinemessig anleggsbesøk hvert år.
- Teknisk assistanse for løsning av konkrete problemstillinger ved enkeltanlegg.
- Utarbeidelse av beredskapsplaner, internkontrollsystem og prøvetakingsprogram for vannverk.
- Utarbeidelse av internkontrollsystem, prøvetakingsprogram, vurdering av driftsresultater og rapportering for avløpsanlegg.
- Kompetanseheving og erfaringsformidling ved kurs og seminarer.
- Samordning av oppgaver på regional basis.
- Akkreditert prøvetaking for avløpsvann.

2.17 Gebyr for vatn, avløp og renovasjon

Gebyrregulativet for vatn og avløp er regulert i *Forskrift om gebyr for vatn og avløp i Valle kommune* vedtekte av Valle kommunestyret i 2010 med heimel i lov av 31.mai 1974 om kommunale vass- og kloakkavgifter §3 og forskrift 1.juni 2004 nr. 931 om avgrensning av ureining (forurensingsforskrifta) kap. 16.1

Forskrift om gebyr for vatn og avløp i Valle kommune og Reglar for bruk av vassmålar:



FORSKRIFT OM
GEBYR FOR VATN OG



REGLAR FOR BRUK
AV VASSMÅLAR I VA

Link til gebyrregulativet:

<https://www.valle.kommune.no/run/prisregulativ/avsnitt.php?id=5814j9dd42686>

2.18 Utvikling framover, vatn og avløp:

Det er litt aktivitet på bustadbygging i kommunen, både spreidd busetnad og i bustadfelt. Dette ser ein best i bustadfelta på Rysstad med 2 hus oppført i 2020-21 og 1 tildela tomt med oppstart i 2022.

Leite sør er gjort klar til bygging med 12-13 bustadtomter utan at det er starta bygging ennå.

Det er pr. 2022 ledig følgande tomter:

- 15 tomter Åsan 1 og 2
- 10 tomter Leite sør
- 4 tomter øvst i Leite
- 7 tomter Helle grendefelt
- 7 tomter Brokke grendefelt
- 3 tomter Flateland grendefelt
- 3 tomter Homme grendefelt
- 5 tomter Øyne

Dette utgjør 57 ledige tomter fordelt på 7 kommunale bustadfelt.

<https://www.valle.kommune.no/bustadtomter.523903.nn.html>

- Med 15 tomter i Åsan og 30-35 potensielle påkoplingar pluss Driftssentralen til Otra Kraft, Setesdal folkehøgskule og Hylestad barnehage er det god kapasitet på Rysstad reinseanlegg og Rysstad vassverk.
- Med 13 ledige tomter i Valle er det god kapasitet på Valle reinseanlegg og Valle vassverk.
- Kapasiteten på vassverka på Flateland og i Brokke er god.

Det er ikkje alle som bygger utanfor bustadfelta som kan kople seg til det kommunale leidningsnettet, men ein prøver å legge til rette for dei som kan om å kople seg til, spesielt på vatn. Valle kommune har ikkje krav om påkopling til offentleg nett, men i bustadfelta ligg det stikkleidningar til VA til alle tomter.

Dei som bur utanfor offentleg tilkopling til avlaupsnettet kjem under kategori for spreidd avlaup med eigne krav til sine anlegg.

3. Mål og strategiar frå kommuneplanen

Punkt 6.1: Hovudoppgåver, mål og strategiar

Samfunnsutvikling:

- «Kommunane skal medverke til å utvikle lokalsamfunnet og gjere det attraktivt å leve å bu der, mellom anna gjennom god planlegging.»

Mål for kommunen som organisasjon:

- «Valle kommune skal vere ein serviceorientert organisasjon med brukaren i fokus, ein framtidsretta samfunnsutviklar og eit truverdig forvaltningsorgan.»

Det er viktig å ta med seg dette når ein framover skal bla. planlegge å bygge ut vassleidnings-nett for å sikre flest mogeleg innbyggjarar godt vatn. Drikkevatt er det

viktigaste næringsmiddelet me har, er ein føresetnad for god helse og er med på å gjere det attraktivt å leve og bu.

Førebyggjande arbeid og god beredskap er viktig for å sikre god kvalitet på drikkevatn og distribusjonsnett.

Kommuneplanen seier også under pkt. 6.6 at «*klimautfordringa gjeld alle. Kommunen kan ta ansvar og setje i verk tiltak som gjer kommunen sine klimautslepp så minimale som mogeleg. Valle kommune skal sikre klimaomsyn i all planlegging*».

Pkt. 6.8.10 Miljøvern

Mål

- rullere arealdelen av kommuneplanen
- vatn - og vassressursforvalting
- handtere kommunen sine roller som både forureinar og som forureiningsmynde

Det som gjeld klima og miljøvern må ein ta med seg inn i arbeidet med tilsyn og oppfølging av spreidd avløp og krav til private avløpsanlegg, men også i planlegging av kommunen sine egne anlegg for å sikre at innbyggjarane vert kvitt avløpsvatnet sitt på ein trygg måte som også sikrar miljøet. Kommunen er som skriva både forureinar og forureiningsmynde og må handtere dette på ein måte som sikrar lik behandlinga både for kommunen sine egne anlegg og dei private anlegga.

Strategi

- engasjerte og kompetente medarbeidarar
- følgje opp ansvaret og myndet innan forureining

4. Delmål for planen

For å tilfredsstille krav frå Mattilsynet og Miljødirektoratet på vatn og avløp vert det teke prøver ut ifrå godkjende prøvetakingsplanar.

Det vert også rapportert til KOSTRA på skjema 26A. *Offentleg leidningsnett, tilknytning og små avløpsanlegg*.

Mål for vassforsyning i Valle kommune er at innbyggjarane og næringsliv tilknytt dei kommunale anlegga skal ha ei sikker vassforsyning av nok og godt vatn. Kvaliteten på drikkevatnet skal minst tilfredsstille krav i drikkevatn-forskrifta og leveringstryggleiken skal vere god, med færrest mogleg avbrot og trykkfall. Vasslekkasjar skal reparerast fortløpande, så fort dei er lokalisert.

Mål for kommunale avløpsanlegg i Valle kommune er at befolkning og næringsliv skal vere sikra å verte kvitt avløpsvatn på ein sikker måte og som tilfredsstillar forureiningslova sine krav. Det inneber at reinseanlegga må ha stor nok kapasitet til å tole ei viss befolkningsauke. Avløpsreinsinga skal minst tilfredsstillast krav gitt i utsleppstillatinga.

5. Handlingsplan/tiltaksplan

5.1 Tiltak i planperioden:

Under tiltaka er det ein kort omtale av tiltaket. Kostnaden til kvart enkelt tiltak er ikkje kostnadsrekna, berre grovt estimert.

Sjølv om tiltaka har fått ei prioritering, vil det ikkje bety at ein utfører tiltaket først, ofte kan det vere naturleg å utføre andre tiltak med lågare prioritering. Dette kan grunngjevast i oppstart av eit utbyggingsprosjekt som kan vere naturleg å samkøyre med tiltaket. Det vil også vere eit spørsmål om finansiering.

Framlegg til nye tiltak er ikkje tidfesta til årstal då planen er tenkt som eit arbeidsdokument i samband med utarbeiding av framtidige økonomiplanar/budsjett.

Gjennomføring av tiltaka krev prioritering i samband med dei årlege revisjonane av handlingsprogram, økonomiplan og budsjett.

Tiltaka omfattar både driftstiltak og investeringstiltak.

5.2 Avlaup

1. Driftsovervåking VA: Tilknytte pumpestasjonar som manglar tilkopling til online driftsovervåking med hensikt om tidleg varsling om feil samt få ned tidsbruken på kontroll av desse anlegga:

- Kloakkpumpe - Helle.
- Pumpestasjon - Tøместasjon bubilar - Valle camping.
- Pumpestasjon - Nomeland SFH.
- Pumpestasjon - Nomelandsmo.
- Pumpestasjon - Flateland.
- Driftstiltak.
- Kostnadsestimat kr 25 000,- pr anlegg.

2. Utarbeide VA norm for Valle kommune: Felles for vatn og avløp. Det er viktig at Valle kommune har ein eigen VA norm som beskriv krav som kommunen stiller til vatn og avløpssektoren. Dette for å kunne gi nødvendig rettleiing i fagspørsmål og ha ein kommunal standard for VA. Ein VA norm er eit nyttig dokument for teknisk forvaltning i kommunen og for private i spreidd busetnad for å forhalda seg til regelverk knytt til drikkevatn og avlaupshandtering.

- Driftstiltak.
- Kostnadsestimat: interne arbeidstimar.

3.Lekkasjesøk på kloakkleidningsnettet i Valle: For å redusere mengda framandvatn/overflatevatn på Valle reinseanlegg: Ved store nedbørsmengder og/eller stor snøsmelting kjem det inn mykje overflatevatn på pumpestasjonar og til slutt Valle reinseanlegg, som øydelegg for reinseprosessen. Måretta søk ved bruk av kamerautstyr vil kunne avdekke feil på leidningsnettet.

- Driftstiltak.
- Kostnadsestimat: interne arbeidstimar.

4.Utarbeide plan for kartlegging og oppfølging av private avløpsanlegg jamfør nasjonale føringar framsett av Klima og miljødepartementet 19.mars 2019: innan 31.12.2027.

- Driftstiltak.
- Kostnadsestimat: interne arbeidstimar, samarbeid med andre kommunar.

5.Vurdere nye utbyggings-områder for bygging av VA anlegg: Under prosjektering av Valle reinseanlegg på 1990 talet vart det bla laga planar for å avkloakkere «heile Vallebygda».

- Avhengig av korleis ein handterer pålegget ang *spreidd avløp og krav til private avløpsanlegg*, kan ein tenkje seg at det ville vere samfunnsøkonomisk å bygge ut VA anlegga slik at fleire kunne kople seg til offentleg nett for å sleppe at kvar og ein må bygge eigne anlegg, ikkje berre i Vallebygda, men rundt om i Valle kommune der det ville vere naturleg å bygge ut slike anlegg.
- Investeringsstiltak.
- Kostnadsestimat: interne arbeidstimar pluss innleige av konsulent til prosjektering.

5.3 Vassverksdrift

1.Vassledning til Espetveit: Det er sett av kr 500000,- i økonomiplanen for 2024 til dette prosjektet.

- Investeringsstiltak.

2.Opprydding rundt høgdebasseng på Rysstad: Jfr. tilsyns- og reingjeringsrapport i 2022 er det nødvendig å utføre rensk og opprydding av vegetasjon etc. for å unngå at røter trenger igjennom betongkonstruksjonen og inn i vatnkammeret. I rensken inngår utvendig grøfting for å lede overflatevatn vekk frå betongtaket på bassenget.

- Driftstiltak.
- Kostnadsestimat kr 50 000,-

3.Trykk - og mengdeovervaking: Montere fleire trykk- og mengdemålarar ute på vassleidningsnettet for å få eit betre verktøy i lekkasjesøk.

- Rysstadmo, Heddesleidninga.
- Garane vassverk.
- Nomeland.
- Driftstiltak.
- Kostnadsestimat kr 25 000,- pr stasjon.

4.Utskifting VA leidningar i Leite: Leidningane frå Bygdeheimen og opp i Leite er av dei eldste vi har og består av både betong, plast og PVC røyr og ein ser behovet for oppgradering.

- Investeringsstiltak.
- Kostnadsestimat kr 3 000 000,-

5.Trykkstyrt pumpeanlegg Flateland vassverk: Oppgradering av Flateland vassverk for å sikre stabilt trykk med å bytte ut dagens trykktank med frekvensstyrt pumpe.

- Driftstiltak.
- Kostnadsestimat kr 100 000,-

6.Rehabilitering av inntak Valle vassverk: Det er behov for å oppgradere inntaket i Juvet. Dei gamle filtera held ikkje tett og det lekk igjennom partiklar som skulle ha vore fanga opp i filtera. I tillegg treng sjølve bassengveggane innvendig vedlikehald. Ventilane til dei tre bassenga er modne for utskifting slik at det vil vere mest gunstig å gjennomført eit total-prosjekt på oppgradering av vasshuset i Juvet. Det kan finnast alternativ til denne måte å filtrere vatnet på, det vil ein kome tilbake til i prosjekteringsfase

- Investeringsstiltak.
- Kostnadsestimatet vil vere avhengig av kva prosjekteringa kjem fram til.

7.Renovering av VA kummar: Registrere og utføre nødvendig vedlikehald på VA kummar.

- Driftstiltak uavhengig av prioriteringsliste, tiltaket strekker seg over fleire år og dreier seg om utvida vedlikehald.
- Kostnadsestimat avhengig av registrering pr kum.

8.Trykkforsterking til Homme grendefelt: Øvre del av grendefeltet i Homme ligg på kotehøgde 395 og Valle vassverk leverer der eit trykk på ca. 3 bar. Dette er over lågaste tillate driftstrykk som er på 2 bar, men det er til tider med stort vassforbruk på hovudleidninga at trykket går ned mot 2 bar og dei høgst liggande abonnentane opplever dårleg trykk.

- Investeringsstiltak.
- Kostnadsestimat kr 500 000,-

9.Borehol Flateland vassverk: For å sikre framtidig stabilt og godt råvatn til Flateland vassverk.

- Investeringsstiltak.
- Kostnadsestimat kr 250 000,-

10. Renovering av VA kummar: Registrere og utføre nødvendig vedlikehald på VA kummar.

- Driftstiltak uavhengig av prioriteringsliste, tiltaket strekker seg over fleire år og dreier seg om utvida vedlikehald.
- Kostnadsestimat avhengig av registrering pr kum.

11. Trykkforsterking til Homme grendefelt: Øvre del av grendefeltet i Homme ligg på kotehøgde 395 og Valle vassverk leverer der eit trykk på ca 3 bar. Dette er over lågaste tillatte driftstrykk som er på 2 bar, men det er til tider med stort vassforbruk på hovedledninga at trykket går ned mot 2 bar og dei høgst liggande abonnentane opplever dårleg trykk.

- Investeringsiltak.
- Kostnadsestimat kr 500 000,-

12. Borehol Flateland vassverk: For å sikre framtidig stabilt og godt råvatn til Flateland vassverk.

- Investeringsiltak.
- Kostnadsestimat kr 250 000,-

13. Vassledning til Tveiten/Brottveit: Vurdere/planlegge vassledning til Tveiten og Brottveit.

- Investeringsiltak.
- Kostnadsestimat kr 2 000 000,-

14. Høgdebasseng i Valle: Det vart under bygging av VA anlegg til Leite sør lagt fram vassledning til eit event høgdebasseng ovanfor Leite. Det vil kunne verte aktuelt å bygge høgdebasseng der for å få eit stabilt og godt trykk til dei høgareliggande abonnentane. Eit høgdebasseng opp i lia ovanfor Leite sør vil også ha innvirkning på betre tilgong på slokkevatn i området sør for Leite.

- Investeringsiltak.
- Kostnadsestimat kr 10 000 000,-

5.4 Andre tiltak:

1.Digitalisering av kartverk VA - Felles for vatn og avløp: Mykje av leidningsnettet er digitalt, men det manglar litt for at kartverket er komplett. Gamle teikningar ligg i arkivet og vert ofte nytta der det digitale «sviktar».

- Driftstiltak.
- Kostnadsestimat: interne timar pluss innleigd konsulenthjelp, eventuelt prosjektstilling/student?

2.Ladepunkt for el-bilar: Det er frå 1.1.22 krav om at personbil-registrerte køyretøy og frå 1.1.2023 krav om at varebil-registrerte køyretøy skal vere nullutsleppsilar i offentlege anskaffelsar. Det inneber at Valle kommune må planlegge å legge til rette for ladepunkt for el-bilar - på sikt, også for Teknisk drift.

- Driftstiltak.
- Kostnadsestimat: kr 20 000,- pr ladepunkt.

3.Klausulering av drikkevasskjelder:

- Rysstad vassverk: Det er frå 2022 ny eigar av Åkre og det vil no vere naturleg å fornye/inngå ny avtale med ny grunneigar.
- Flateland vassverk.
- Valle vassverk/inntak Stavvatn.

Ei klausulering av områda vil naturleg høyre inn under rullering av kommuneplanen.

